

- eit regionalt kulturhus for bygdene kring Storfjorden



Laurdag 7. mars kl. 19.30

### FRIDA ÅNNEVIK TRIO

Gå ikkje glipp av ei av vårens finaste konsertopplevelingar!  
Bill. kr. 390,-



Laurdag 14. mars kl. 19.30

### TRE SMÅ KINESERE

Kineserane kjem! Kom du og!  
Gamle og nye hitlåtar på rekke og rad!  
La ikkje «Dørstokkmila» stoppe deg!  
Bill. kr. 320,-



Laurdag 21. mars kl. 19.00

### ALTEAKVELD m/ VINSMAKING

Casa Vital feirar 20 år!  
Åge Folkestad og Duo Intermezzo  
ROALD TELLNES - KUNSTUTSTILLING  
Bacalaobuffèt, 3 gl. drikke, utstilling  
og DUO INTERMEZZO – kr. 650,-  
For hotellpakke: sjå [www.storkultur.no](http://www.storkultur.no)



## Velkommen til massasje på Storfjord helsecenter i Valldal



Thaimassage og  
oljemassasje (aroma)

Tirsdag og onsdag  
kl. 11.00 – 20.00.  
Kr. 600,- pr. time.

Timebestilling dagen før  
på SMS til tlf. 40 18 68 28.  
Supee Tafjord

## ÅRIM MILJØSTASJON



## DJUPØYNA LAURDAGSOPE

7. mars kl 11-15

9. mai, 1. august



Hugs kortet!



# Storfjordnytt.no

# Rustar opp

*Antikvarisk og kunstnarisk glasarbeid er yrka deira. No får ei kyrkje i Arendal rusta seg opp.*



Sølv Lill Seljebotn får brukt både kunstnarevner og konseksjon når ho rekonstruerer glasbitar til kyrkja i Arendal.



Her loddar Anette saman glasbitane med nytt bly etter at det gamle blyet er fjerna og glaset er rensa. Så skal det kostast inn glasmeisterkitt som stivar av elementa. Ein tidkrevjande prosess.



Anette og Even Muldal

## KORT SAGT

- Morad Vest AS i Ålesund er eigd og drive av Even og Anette Muldal.
- Verksemda starta opp for seks år sidan og har mange renoveringsprosjekt å vise til.
- Morad Vest AS leverer mellom anna vindu, dører og rekktverk samt hjelper med utskifting av punkterte glas.
- Frå juni i fjar har dei saman med glaskunstnar Sølv Lill Seljebotn drive renoveringsarbeid på glasmåleria i Hellige Trefoldighets kirke i Arendal.

Even og Anette Muldal er busette i Ålesund der dei driv Morad Vest AS. Begge slektar frå traktene til Storfjordnytt, han frå Tafjord og ho frå Stordal. Even har fagbrev som glasarbeidar og er autorisert glasrådgjevar. Anette har jobba med restaurering av glas i mange år og det er ho som er dagleg leiar for bedrifta.

### TIDLEGARE PROSJEKT

Til saman har dei over tredve år med erfaring frå glasbransjen, og kan vise til mange arbeidsprosjekt. Glaskunstnar Sølv Lill Seljebotn har slektsband til Stordal, og også verkstad sin der. No samarbeider ho med Even og Anette for å renovere glasmåleria i Hellige Trefoldighets kirke i Arendal.

Sølv Lill sitt kunstnararbeid kan ein sjå ved å gå inn på nettsida hennar, eller helst besøke ei av utstillingane ho har gjennom året. Anette og Even har arbeidd over fleire delar av landet. Noko har dei gjort kvar for seg, og nokre av arbeida har dei samarbeidd med andre glasmeistrar om.

– Even har til dømes vore med og

lagt glas i hurtigruta MS Nordnorge, seier Anette.

Det var det første blyglasprosjektet Even var med på då han starta som lærling i 1996.

– Vi har restaurert glaskunst i Lia-bygda kyrkje og Ørskog kyrkje, seier paret vidare.

– Vi har også laga utsmykking i Johanneskapellet på Valderøya saman

# opp det verneverdige



I Morad Vest AS har samarbeidd med glaskunstnar Sølvi Lill Seljebotn om renoveringa av glasmåleria sidan juni. Dei planlegg å vere ferdige til påske.

med kunstnaren Leon Roald, fortel dei.

– I firmaet som vi dreiv før utførte vi mellom anna restaureringsarbeid i Ålesund kyrkje, samt den store utsmykkinga i Spjelkavik kyrkje saman med Håkon Bleken, legg Anette og Even til.

I fjor vart altertavla, opphavleg laga av kunstnaren Kåre Haram på sjukehuskapellet restaurert av Anette. Av andre prosjekt har dei vore med på renovering av vindauge på Møllstunet i Geiranger og Ospahjellen ved Norddalsfjorden, i samarbeid med Dør og Vindusvern på Vigra.

– Her vart knuste glas erstattat av munnblåst restaureringsglas som er tilsvarende det opphavlege glaset, forklarar Anette. Og no er det altså ei kyrkje i Arendal som gjeld.

Oppdraget fekk dei på anbod, dei var eit av få firma som stilte seg disponibele. Ifølgje Even Muldal er dette den lengste inspeksjonsturen han og Anette har teke. For ein inspeksjon, det må til for å finne ut av tilstanden og kunne legge planar for arbeidsprosessen som står føre.

– Vi bestemte oss dagen før syn-

faringa for å setje oss i bilen og köyre nedover, fortel han. Og tilstanden på glasa, den var heller begredeleg.

– Ja, der var det rett og slett fare på ferde. Ein del av glasa i trefoldigheitskyrkja var veldig lause, og rett og slett ein fare for besøkande, seier Anette.

Det gjenstår ein del før alle glasmåleria til trefoldigheitskyrkja er renoverte. Om det blir, kjem an på både økonomi og prioritering frå kyrkjeverje si side.

– Det er viktig å understreke at vi fører ikkje nokon konkurranse, sånn oss i mellom over landet. I bransjen vår er det samarbeid som gjeld. Korleis dei ulike kommunane har moglegheit til å prioritere etter økonomi og anna, det er deira saker. Vi tek gladeleg prosjekta, seier Even.

## ANTIKVARISKE KRAV

Bly, glasstykke i ulike fargar og arbeidsreiskapar pregar arbeidslokalet til Morad Vest AS på Blindheim. Medan Anette står og passar inn grøne glassruter i trekte blylistar, fortel Even om arbeidet deira. Sølvi Lill er og til stades,

ho jobbar akkurat no med glas i verdstaden sin i Stordal der ho rekonstruerer bitar som er måla og brente.

– I vårt arbeid passar det ikkje inn med fugemasse og vinkelclipar nei, presiserer Even og smiler.

Han viser til utstyret og teknikkane ein er pålagt å nytte for å kunne gjere rett arbeid i vedlikehaldet av antikvariske gjenstandar.

– På nokre av prosjekta vi har jobba med gjennom tida kan ein faktisk sjå at lettvinde løysingar og midlertidige reparasjonar er gjort tidlegare. Det er slett ikkje bra, fortel Anette før ho held fram med arbeidet sitt.

Hellige Trefoldighets kirke i Arendal opna for dei første kyrkjegjengjarane i 1888. Glasmåleria er altså frå 1880-talet, men kyrkje stod det på staden i fleire hundre år før det.

– Ein viktig del av historiene til dei ulike kyrkjene er kvar glasmåleria i dei er laga, seier Anette.

– Glaskunsten i kyrkja i Arendal vart i si tid produsert av eit tysk firma og det glaset vi no erstattar knuste bitar med er også tysk. Det er munn-

blåst i Waldsassen, ein kjempetriveleg liten by på grensa til Tsjekkia, legg Even til.

Anette og Even har vore to gonger i Waldsassen, der vart dei tekne godt i mot og fekk sjå den store arbeidshallen til ei bedrift som har eksistert i over åtti år og framleis driv på gammelmannen med munnblåsing av glaset. Dokumentering av arbeidet som blir gjort er svært viktig og alle dei meir enn fem tusen glasbitane på dette prosjektet vert katalogisert.

– Dersom nokon ved neste restaurering om 100 år lurer på kva som har vore gjort, vil dei finne ei nøyaktig skildring av kva som vart gjort på verdstaden i Ålesund i 2019–2020, seier Even og Anette i Morad Vest AS.

Så gjenstår det altså å sjå om den gamle og ærverdige kyrkja på Tyholmen i

Arendal får smykka seg med nyrenovert glaskunst til påske. Tenk om slikt kunne snakke!